



# inn i Guds framtid



Strategiplan for ImF 2013 - 2020

# inn i Guds framtid



.....

**KVA VIL VI SJÅ DEI NESTE 10 ÅRA?**

**1.** Vi ser ei rørsle av unge og eldre som samanveks og modnast som Jesu disiplar, former nye fellesskap og forsamlingar, og misjonerer i Norge ved å dele evangeliet i ord og praktisk kvardags diakoni.

**2.** Vi ser tusenvis av familier som frimodig deler trua på heimebane og når ut til barn og unge i sitt nærmiljø.

**NB!** Med omgrepet “medarbeidarar” i denne planen meiner vi alle som er engasjert i indremisjonsarbeidet, enten ein er tilsett eller frivillig.

# 1

.....  
Vi vil gjere  
medarbeidarar i  
indremisjonen  
bevisst på at vi alle  
skal vere  
**misjonærar**  
i Norge.



# 1. Vi vil gjere medarbeidarar i indremisjonen bevisst på at yi alle skal vere misjonærar i Norge.



Vi trur at ein organisasjon eller kristen forsamling som ikkje lever i den opprinnelege draumen, vil døyt ut. Skal vi vinne «nytt land» gjennom vårt arbeid, må vi gjere alle som vil engasjere seg i indremisjonen bevisst på at vi er misjonærar i vårt eige land. Forkynning av Guds ord frå talarstolen har alltid vore, og skal alltid vere, ein berebjelke i vårt arbeid. Samstundes treng vi ei utvida forståing av at forkynning skjer i mindre fellesskap og i dialogen med enkeltmenneske. Vi kan ikkje organisere oss ut av åndeleg fattigdom, og må be om åndskraft og varme hjerte.

Vi vil satse på Bedehuset også i framtida. I tråd med våre tradisjonar, bør det likevel vere respekt for at det lokalt er store variasjonar og valfridom i måten ein organiserer verksemda på. Vi vil oppmuntre til eit arbeid der ein kombinerer samlingar på Bedehuset med mindre, livsnære fellesskap i heimane.

## Våre mål er å

1. byggje Guds forsamling lokalt, og plante nye fellesskap, med basis i Bedehuset og i god samarbeidsånd med andre organisasjonar.
2. utruste dei som trur gjennom rettleiing og undervisning frå Bibelen, samt utarbeide og anbefale ulike hjelpemiddel, med det mål at kristne lever i forplikting til Guds ord og fellesskapet
3. vinne menneske for Gud ved å tenkje utadretta og kalle menneske til omvendning og tru
4. hjelpe kristne til å handle kreativt og utradisjonelt i det å skape møteplassar der ein kjem i kontakt med menneske som ikkje er kristne
5. synleggjere at organisasjonen er eit nettverk av dyktige medarbeidarar med spesialkompetanse og som er tilgjengeleg for fellesskapet

## Dette vil vi oppnå ved å

1. forkynne Guds ord til omvendning og etterfølging av Jesus Kristus
2. gjere misjonsfolket bevisst på eit kontinuerleg bønnearbeid
3. hjelpe dei truande til å bruke nådegåvene sine
4. rekruttere unge medarbeidarar, ikkje minst kvinner med forkynnargåver
5. stimulere til samarbeid over bedehusgrensene, og samanslåing der det er naturleg
6. oppmode lokale lag til å arbeide kontinuerleg med strategiarbeid
7. ha årlege forkynnarkurs for alle som står i forkynnarteneste der fokus på misjon er eit viktig tema
8. styrke kompetanse for våre medarbeidarar innanfor apologetiske tema (trusforsvar), og i den samanhengen løfte fram NLA som arena for fordjuping
9. bruke våre mediekantar til å løfte fram våre tiltak for forkynning og relasjonsdiakoni
10. styrke evangeliseringsarbeidet i forsamlingane, på internett, på kjøpesentra, på reise
11. sende menneske til å busette seg i delar av landet der det er lite kristen verksemd for å vinne nye for Kristus, og sørgje for at dei som vert sendt også vert fylgt opp
12. lære opp ressurspersonar og team, direkte eller gjennom Bildøy Bibelskole, med tanke på indremisjonsfokus og planting av nye kristne fellesskap
13. etablere og vidareutvikle kristne skular og barnehagar, og jobbe bevisst med å styrke det åndelege arbeidet
14. tilby konfirmasjonsundervisning på krets- eller lokalnivå
15. fornye gjevartenesta, og forkynne fram tienden og raushet som berande prinsipp

# 2

.....  
Vi vil at våre  
medarbeidarar skal  
vekse og **modnast**  
som Jesu disiplar.



## 2. Vi vil at våre medarbeidarar skal vekse og modnast som Jesu disiplar.



I Mattes 28:19-20 befaler Jesus Kristus oss å gå ut og gjere alle folkeslag til læresveinar/disiplar, og det handlar om å døype og lære å halde alt det Han har bode oss.

Det å gjere til disiplar er både ei erkjenning av den stilling vi er frelste til av berre nåde, og samstundes ein vokster og utvikling som burde skje i våre liv som kristne. Det skjer ved aktiv handling frå erfarne kristne som kan vandre saman med, rettleie og ansvarleggjere andre til å leve eit forpliktande kristenliv. Denne sida ved disippelgjering har nok vore for svak i vårt arbeid, og er på mange måtar ei forutsetning for at unge skal gå inn i eit langsiktig arbeid og ta leiarskap for å bygge kristne fellesskap på Bedehuset

### Våre mål er å

1. gjere alle truande bevisst på modning og vekst i eige gudsliv
2. følgje opp unge og vaksne medarbeidarar slik at dei opplever seg sett og ivaretatt, og derfor kan ha eit langsiktig perspektiv på si teneste i misjonen
3. vere tydeleg som organisasjon på at alt vårt arbeid er tufta på våre verdiar
4. skape gode og trygge rammer rundt alt vårt arbeid

### Dette vil vi oppnå ved å

1. nytte våre mediekanalar, forkynnarar og leiarar til å tale varmt for Bibelskulane generelt, og Bibelskulen Bildøy spesielt, som sentral arena for disippelgjering av unge menneske
2. spreie vår leiarskule «Slik at fleire får leve» til alle våre krinsar, og utvikle den med nye tema
3. arrangere regionale leiarkonferansar for barne- og ungdomsarbeidet saman med ImF-UNG
4. utarbeide eit enkelt og gjennomførbart opplegg for at unge leiarar i indremisjonsarbeidet skal ha ein medvandrar
5. forvente at vaksne leiarar i ImF skal vere mentor for ein eller fleire unge medarbeidarar
6. halde fram med tilbod om Arbeidsrettleiing og utdanne rettleiarar
7. halde fram vårt verdidokument i samlingar for tilsette og frivillige, og orientere om våre retningslinjer for å førebygge seksuelle krenkingar
8. stimulere til etablering av arbeidstakarforeining fordi det vil vere sunt for arbeidsmiljøet

# 3

• • • • •  
Vi vil stimulere til  
aktiv formidling  
av kristen tru i  
heimen.



### 3. Vi vil stimulere til aktiv formidling av kristen tru i heimen.



Gjennom familierelasjonar skal den kristne tru formidlast frå generasjon til generasjon. Heimane har vore veldig viktig arena for trusformidling, enten heimen består av eitt, to eller fleire menneske.

Vi har dei siste tiåra bygd opp barne- og ungdomsarbeid på Bedehuset, leiararbeid, skular, barnehagar, osv. Dette har vore til stor velsigning for kristne familier, og ikkje minst for å nå barn- og unge som har lite eller ingen kristen påverknad frå heimen. Dette arbeidet må derfor styrkast (sjå ImF-UNG sin plan).

Samstundes trur vi det er behov for å plante frimod og visjon hos vaksne om den unike muligheit og ansvar dei har til å formidle tru til barna gjennom heimen. Vårt barne- og ungdomsarbeid er ei «forlenga arm», men trusformidlinga i heimen står i ei særstilling.

Som ein del av trusvedkjenninga i 5.Mosebok 6:1ff, står det: «Desse orda som eg byd deg i dag, skal du gøyma i hjarta ditt. Og du skal prenta dei inn i borna dine. Du skal tala om dei når du sit i huset ditt, når du går på vegen, når du legg deg, og når du står opp.» Vi trur ikkje dette har gått ut på dato. Vi trur vidare at aktiv trusformidling i heimen vil føre til at barn, unge og vaksne lettare kan sette ord på si tru også utanfor heimen.

#### Våre mål er å

1. hjelpe foreldre og barn til å sette ord på si tru, og skape rom for den naturlige åndelege samtalen i heimen
2. gje frimod til besteforeldre og andre i nære familierelasjonar til å nytte si rolle til trusformidling
3. skaffe fleire leiarar til barne- og ungdomsarbeid som frukt av det åndelege livet i heimen

#### Dette vil vi oppnå ved å

1. utarbeide og spreie materiell (på nett og papir) som er til praktisk hjelp i trusformidlinga
2. arbeide for at det er regelmessige fleirgenerasjonsmøte på Bedehuset
3. arbeide for at forkynninga i forsamlingsmøte/gudstenester vert samtaletema i heimane i dagane etter
4. bearbeide konseptet Lyngdal Bibelcamp slik at det modellerer korleis vi kan stimulere til det åndelege livet i heimen
5. bevisstgjere våre tilsette ved grunnskulane og medarbeidarar i leiarbeidet til å spele på lag med foreldra om trusformidlinga



# 4

.....  
Vi vil fornye  
kvardags-  
diakonien.



## 4. Vi vil fornye kvardagsdiakonien



I vår tidlege historie, og lenge før velferdsstaten vart bygd ut, ser vi korleis kristne tok ansvar for å hjelpe ulike grupper menneske som hadde behov for hjelp. Dette skapte auka truverd for Evangeliet på ein slik måte at vekkingsarbeidet fekk meir gjennomslag.

I dag har det offentlege tatt over det meste av dette med utbygginga av helsetenester og institusjonar. Vi skal vere takksame for å få leve i den velstand vi har, og samstundes veit vi at mange menneske også lid i vårt samfunn. Derfor er det ei stor utfordring for oss dei komande åra å finne den rette balansen i det som har vore ein viktig verdi for oss dei siste åra: «Ordet nær og mennesket nær».

### Våre mål er å

1. gjere våre kristne fellesskap til ein naturleg plass for omsorg og hjelp til å meistre livet
2. plante haldningar hos den enkelte slik at ein ser etter den diakonale mulighet i sin kvardag
3. skape ein kultur som også tek vare på dei som handlar i strid med Bibelske verdiar

### Dette vil vi oppnå ved å

1. gje diakonalt arbeid god status i all omtale
2. ha årlege kurs i sjelesorg, mynta på våre medarbeidarar.
3. gjere våre medarbeidarar bevisste på at vi formidlar til menneske med brotne relasjonar og sår når ein tek opp vanskelege tema
4. stimulere til jamlege kurs for ektepar for å byggje opp om ekteskapet
5. løfte fram einslege sine utfordringar og unike muligheiter
6. ha eit godt seniorarbeid, og løfte fram pensjonistane som ressurs
7. vere til hjelp for asylsøkarar, nye landsmenn og tilflyttarar generelt slik at dei får eit nettverk og blir inkludert i samfunnet
8. løfte fram det positive med rusfri livsstil
9. løfte fram det å leve seksuelt etter Guds gode vilje
10. oppmuntre kristne til å vere fosterforeldre og tilby avlastnings- og beredskapsheimar
11. utnytte leirstadane som ressurs for funksjonssvake
12. ha regelmessige reportasjar og tips gjennom våre mediekanalar om korleis vi kan leve diakonalt i kvardagen og bidra positivt i lokalsamfunnet
13. spreie konseptet «Hjertebank» (praktisk verktøy/ordning for organisering av hjelpetjenester) frå ImF Sandnes

# Vi vil

1

gjere medarbeidarar i indremisjonen bevisst på at vi alle skal vere misjonærar i Norge.

2

at våre medarbeidarar skal vekse og modnast som Jesu disiplar.

3

stimulere til aktiv formidling av kristen tru i heimen.

4

fornye kvardagsdiakonien - fordi Evangeliet må få hender og føter.

